# Videre

## REGIONKONFERANSEN 2026

## Årsmeldinger fra underliggende enheter

Misjonssambandet

# INNHOLD

**Del 1:**
s. 2 Program for Regionkonferansen og Barnekonferansen
s. 3 Praktisk informasjon
s. 4 Sakliste
s. 5 Årsmelding for Misjonssambandet vest
s. 13 Årsmelding fra barne- og ungdomsarbeidet
s. 16 Regnskapsrapport
s. 18 Kandidater til regionstyret
s. 19 Kandidater til barne- og ungdomsrådet
s. 20 Kandidater til valgnemnd
s. 21 Årsrapport 2025 fra Regionalt Tilsynsråd Region vest

**Del 2:**
s. 26 Årsmeldinger fra leirplasser
s. 30 Årsmeldinger fra områdene
s. 36 Årsmeldinger fra misjonsforsamlingene
s. 52 Årsmeldinger fra skolene
s. 59 Årsmeldinger fra andre institusjoner
s. 68 Vedlegg

# Årsmeldinger fra LEIRPLASSENE

## LYNGMO UNGDOMSSENTER AS

Lyngmo vart 60 år i 2025 og feira med eiga jubileumshelg i oktober. 60 år med gode møtepunkt på Lyngmo var vel verdt å feire! Det var godt å kjenne på fellesskap med mange Lyngmovener som møtte opp! Me håpar mange barn har blitt utrusta, jamfør ImF Ung sin visjon: «Kjenne, elske og tene Jesus Kristus!» Året var krevjande med store utskiftingar og stillingar som ikkje har vore fylt opp i stab.

**Leirarbeidet**

| | | | 2025 | | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 341 | | 428 | 448 | 244 | 286 | 458 | 437 | 434 |
| | | | | | -4,5% | / | *covid | *covid | +4,4% | +0,5% | -7% |
| Plassering | | | 16 | | 13 | 8 | 19 | 17 | 5 | 9 | 11 |

| | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2000 |
| | 465 | 434 | 452 | 476 | 526 | 523 | 457 | 431 | 391 | 378 | 280 |
| | +7 % | -4 % | -5 % | -10% | +0,5% | +14% | + 6% | | | | |
| Plassering | 4 | 10 | 7 | 3 | 1 | 2 | 6 | 12 | 14 | 15 | 18 |

**Vedlikehald**
Ole Inge Skagen er fast innleigd som vaktmeister og tek mykje av det førefallande arbeidet saman med ein del dugnadsfolk som trufast stiller opp! Ingen større prosjekt dette året.

**Personalet**
Det har vore stor utskifting, og me er inne i ein prosess med å bygge ein riktig stillingsstruktur. Kjetil Stautland har framleis delvis permisjon og jobbar i redusert stilling som dagleg leiar sidan det ikkje har lukkast å rekruttere ny dagleg leiar. Dugnadsarbeidarar er ein viktig del av drifta vår.

**Sjukefråvær**
Dette året har det vore høgt sjukefråvær blant dei fast tilsette pga fleire langtidssjukemeldingar. Det er ingen tilbakemeldingar på at arbeidssituasjonen er årsak til sjukemeldingar.

**Økonomien** er ok. Mangel på personale gir mindre lønnsutgifter. Liten stab gjer også at større prosjekt har blitt satt på vent og det har vore lite utgifter til denne type prosjekt. Lånet har blitt redusert vidare og er på litt over 1 million.

**HMS** skal ha fokus. Aktiv oppfølging av HMS er krevjande i ei tid med lite personale. Då er det ein tryggleik å kunne stole på godt innarbeida system frå tidlegare.

**Styret** består av Torodd Urnes (leiar), Ole Martin Brennsæter (nestleiar), Magny Bukholm, Inger Merete Øygard og Knut Jonas Gunvordal som faste medlemar, medan Geir Afdal, Gudny Bukve og Jostein Flatland har vore vara etter generalforsamlinga. Ottar Husum (fast) og Berit Skjerdal (vara) gjekk ut.

**Takk**
Me er takksame for at me kunne feira 60-årsjubileum dette året og at mange arrangement har blitt gjennomført på ein god måte sjølv om det har vore store utfordringar. Me er glade for moglegheita til å dele evangeliet om Jesus Kristus med barn og ungdommar. Me er takksame for alle som stiller opp som leiarar, dugnads-arbeidarar, forbedarar, gjevarar og alle andre som har omtanke for leirstaden og leirarbeidet på Lyngmo!

Styret er svært takksame for staben på Lyngmo som gjer ein framifrå jobb! Det syner igjen at de står på og at de gjer veldig mykje flott arbeid!

Oppdraget vårt på Lyngmo er å dele evangeliet. Me er takksame for at me har ein trufast Frelsar som er med oss kvar dag!

*For styret, Torodd Urnes (styreleiar) og Kjetil Stautland (dagleg leiar)*

# SKILBREI UNGDOMSSENTER AS

**Aktivitet og økonomi**
Aktiviteten på Skilbrei har ikkje dei store endringane frå tidlegare år. Vi har tre leirsesongar og har elles noko utleige til andre kristne organisasjonar, men og utleige til andre aktørar. På grunn av byte av rekneskapsbyrå, er ikkje årsresultatet klart i skrivande stund, men førebels tal viser at vi vil gå omtrent i balanse.

**Personalsituasjonen**
Mykje av arbeidet på Skilbrei blir gjort på dugnad. Vi har ingen faste stillingar, men vi har gjennom året hatt nokre som går på timelønn i samband med arrangement. Det gjeld arbeid på kjøkkenet og reinhald.

**Leir**
Leirarbeidet er svært viktig for Skilbrei Ungdomssenter. Leirane har også dette året vore bra besøkt, men litt mindre enn det det er kapasitet til. Leirarbeidet er det viktigaste arbeidet vi driv og vi vil rette ein stor takk til leirnemnda som arbeider trufast med å skaffe leirleiarar til helgene våre. Det har vore utfordrande å få nok leiarar til leirane.

**Framtid**
Styret har tru på at Skilbrei i åra framover vil vere ein viktig reiskap i misjonsarbeidet i Fjordane. Særleg viktig er Skilbrei i høve arbeidet inn mot barn og unge. Vi ynskjer også å drifte huset til glede også for bygdefolket og folket i nærkommunane. Vi får mange gode tilbakemeldingar på at Skilbrei er ein god stad å vere og det er vi takksame for. Vi ser at det har blitt utfordrande å klare rekruttere nok personar til styre- og leirarbeidet. Styret ser med bekymring på dette.

Vi ber om at de alle er med i bøn for Skilbrei og arbeidet her.

*Styret for Skilbrei Ungdomssenter: Asmund Friborg (leiar), Marthe Hauge Aase (nestleiar), Alf-Tore Kirkeli (sekretær), Daniel Aase, Marius Ramberg*

# SÆTERVIKA UNGDOMSSENTER

Under mottoet «Verda for Kristus» får me i Sætervika vere med og legge til rette for at unge og eldre får møte evangeliet. Det er vår bøn at våre gjestar får møta Jesus og kallet til teneste i misjonen når dei er her. Me er sikker på at ordet som blir sådd, er spiredyktig og vil bere frukt i si tid.

**ARRANGEMENT -** *Talet på personar/betalande kundar (barn 0-3 år ikkje med).*

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| NLM arr. | 6 | 9 | 12 | 13 | 14 | 14 |
| Deltakarar og leiarar NLM | 187 | 407 | 520 | 672 | 687 | 695 |
| Utleige arr. | 17* | 27* | 31* | 39* | 35* | 38* |
| Deltakar utleie | 797 | 1179 | 1340 | 1708 | 1689 | 1213 |
| Privat overnatting | 76 | 51 | 75 | 344 | 3438** | 3032** |
| Totale gjestedøgn | | | | 5075 | 8328 | 7677 |

*Inkl. private arr.

**Anleggsarbeidarar står for 2952 overnattingar i 2025, mot 3300 i 2024.

**ØKONOMI -** *Tal i heile tusen*

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Gåver/kollekt | 126 | 326 | 328 | 583 | 288 | 207 |
| Gåver prosjekt | 43 | 55 | 116 | 500 | 0 | 0 |
| Fast gjevarteneste | 190 | 163 | 127 | 127 | 114 | 114 |
| Lotteri og basar | 93 | 73 | 98 | 84 | 87 | 92 |
| Tilskot frå leirlotteri | | 58 | 82 | 80 | 78 | 83 |
| Off. tilskot | 819 | 403 | 220 | 67 | 53 | 3 |
| Driftsinntekter | 2.849 | 3.242 | 3653 | 4.630 | 5.759 | 6711 |
| Resultat | 361 | -46 | -737 | 581 | 1.111 | 2524 |
| Langsiktig gjeld | 2.124 | 2.123 | 2126 | 2.145 | 1.372 | 700 |

**VEDLIKEHALD OG BYGG**

Renovering av vaskerom er ferdig. Arbeidet med å utvida hovudbygget starta i byrjinga av desember, og er planlagt ferdigstilt til april 2026. Dette vil gje romsleg kapasitet til 96 personar. Det er matsal, personalrom og kontor som blir utvida mot sjøen. Dette gjev også betre plass under tak utandørs.

**ARRANGEMENT**

Sommarfest i Sætervika blei arrangert 22. juni med song og misjonsinnslag frå Ingrid Øvreås. Sætervikabasaren blei halden i samanheng med Mann-25 19. september. Der deltok Sverre Bøe med andakt. Fullt hus, og det kom inn kr 92.431.

**PERSONELL**
I 2025 har bemanningssituasjonen vore som følger: Terje Hoseth Næss er dagleg leiar i 100 % stilling. Olena Trusova var tilsett i 50 % fast stilling som medarbeidar på kjøkken og internat, men slutta i stillinga i oktober. Ivar Berland har hatt stilling som vaktmeister i 20 %. I tillegg har vi hatt fleire med avtale som tilkallingshjelp, og det blir nytta ekstern hjelp til vasking. Me har også fått dugnadshjelp.

**AUKA SALSINNTEKTER**
Arbeidet med straumkabelen som skal gå frå Børdalen til Yggdrasil, har gitt oss moglegheit til å tilby arbeidarar i området overnatting og servering i heile 2025. Hovudsakeleg fire døgn per veke, frå søndag til torsdag. Dette har bidratt til ei kjærkommen auke av salsinntekter i 2025. Dette vil det bli mindre av utover våren 2026.

**STYRET**
Styret har hatt seks møte og behandla 57 saker. I 2025 var styret samansett slik: Svein Aarra (leiar), Frode Odland(nestleiar), Kristoffer Mjelstad (representant frå barne- og ungdomsrådet og regionadministrasjonen), Geir Johnny Undal, Kristin Dåvøy (våren), Vemund Hoholm (hausten), Ivar Berland (varamedlem) og Gunnar Øpstebø (varamedlem). Styret vil retta ein stor takk til tilsette, frivillige medarbeidarar og til alle som har støtta Sætervika med gåver og forbøn i 2025.

*Styret*

---

# Årsmeldingar frå OMRÅDA

## FJORDANE NLM

**Organisering.**
Misjonssambandet Nordfjord arbeidsgruppe og Logoskyrkja i Førde har forskjellig ansvar i arbeid og forsamling i området.

**Lag og foreiningar**
Ved slutten av 2025 har ein same tal lag og kontaktpersonar som ved slutten av 2024, bortsett frå at ein kontakt og eitt lag er lagde ned, men ein har i tillegg fått ein ny kontaktperson (delt eit ansvar på to personar). Det er fire UNG barnelag, tre UNG smågrupper, eitt Fellesskap, ei Forsamling, 12 Smågrupper og 15 kontaktpersonar, til saman 36 lag og kontaktpersonar.

**Møte- og forsamlingsverksemd**
I 2025 (2024 i parentes) gjennomførde ein 64 (78) møte, derav 13 (12) to-dagars møte, 1 (2) halve møteveker og 0 (0) heile møteveker. I tillegg kjem spesialarrangement i Logoskyrkja Førde, fellesarrangement og arbeid retta mot barn og unge.

Logoskyrkja i Førde i samarbeid med ImF Bygstad hadde i 2024/2025 6 konfirmantar medan i 2025/2026 følgde 10 konfirmantar opplegget. Logoskyrkja i Førde har hatt 22 søndags-/familiesamlingar i tillegg til spesielle arrangement. Eitt barn er døypt i forsamlinga dette året. Sjå elles eigen årsrapport frå forsamlinga.

**Fellesarrangement i 2025**
På Bibelhelga på Innvik misjonshotell 27.-28. september var deltakinga 55 mot 39 året før. På julemessa på Nordfjordeid 28.-29. november var mykje folk innom og det økonomiske resultatet auka (kr 87.251).

**Barne- og ungdomsarbeidet**
Vi har følgande statestikk for dei to siste åra:

| | 2025 | 2024 |
|---|---|---|
| Barneleirar | 146 deltakarar | 207 deltakarar |
| Tabu | 81 deltakarar | 69 deltakarar |

Crossroad/ungdomsleir på Lyngmo med totalt 69 deltakarar og Sommartreff på Sygna med totalt 84 deltakarar er regionale ungdomsarrangement som også har deltakarar frå Fjordane. Mange reiser på UL. I tillegg kjem barnelagsbesøk og ungdomssamlingar.

**Leirverksemd**
Det er gjenoppstått ei leirnemnd som spør etter leiarar, den består av Anne-Margrethe Skjold Olsen, Reidun Kårstad og Aud-Marit Ramberg.

**Tilsette**
Trond Kråvik er i 100 % stilling som områdearbeidar i Sogn og Fjordane. Aud Marit Ramberg i 20 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar men har hatt morspermisjon store delar av 2025. Ingrid Friborg Hoffmann som forsamlingsarbeidar i 60 % stilling i Logoskyrkja i Førde og 20 % i ungavdelinga for Fjordane (Skilbrei primært), har vore i foreldrepermisjon heile 2025 bortsett frå 20 % med småbarnstreff. Malvin Ommedal var områdearbeidar i Fjordane i 15 % stilling, men slutta ved årsslutt. På Skilbrei arbeider Anne-Margrethe Skjold Olsen på timebasis + andre innleigde til vasking.

**Utsendingar**
Emly Nancy Aase reiste ut som lærar til den norske skulen i Mongolia hausten 2025. Malvin Ommedal er utsending i Bolivia i 85 % stilling.

**Styrearbeid**
Arbeidsgruppa i Nordfjord er samansett av Aud Jekteberg Nordpoll (leiar) Elisabeth Nordpoll (nestleiar), Hanna og Pål Berntsen (medlemar). Områdearbeidarane Trond Kråvik og Malvin Ommedal møter også. I Logoskyrkja i Førde er Asmund Friborg styreleiar.

**Informasjonsarbeid**
Vi har Facebooksida: https://www.facebook.com/nlmfjordane, Region Vest har gode heimesider. Logoskyrkja i Førde har både eiga Facebookside og nettside. Kontaktpersonar og foreiningar får informasjonsskriv om møteverksemd og informasjon frå Skilbrei Ungdomssenter.

**Misjonsvener vi har fått melding om har fått heimlov i 2025**
Arne Friborg og Eli Wergeland. Vi lyser fred over minnet.

*Trond Kråvik og Malvin Ommedal, områdearbeidarar i Fjordane*

# HARDANGER NLM

Område Hardanger består av foreiningane i Kvam og Jondal kommunar. Området er laust organisert med underteikna som koordinator for aktiviteten. Det er foreiningar, lag og kontaktar i følgjande bygder: Norheimsund, Steinsdalen, Tørvikbygd og Jondal. Det er 5 foreiningar og 1 barnekor i Hardanger.

Me har i Hardanger hatt ni enkeltmøte, to møtehelger og ein misjonsbasar. Julemessa har vore den store satsinga i 20 år. Men komitéen blir eitt år eldre for kvart år, så me har ikkje hatt kapasitet til å ha julemesse dei siste åra. Men i 2025 hadde me i staden ein misjonsbasar. Nytt av året er at me hadde ein dåp i Norheimsund Misjonssamband. Det var ein stor dag!

Frå område Hardanger er kr. 491.210 overført til misjonen.

*Jostein Moldsvor*

# NORDHORDLAND NLM

Misjonslaget står i ein verdsvid samanheng. For tida er me heldige å ha Bergfrid Almelid, Jan Ingve Bernssen, Håkon og Mari Rydland som «våre» utsendingar. Nasjonalt er me også med i eit stort og mangslunge barnehage- og skulearbeid. På det regionale planet har me både barnehagar og skular, og Sætervika og gjenbruks-

butikken i Åsane nær oss. Lokalt skjer mykje godt og byggande arbeid, til gagn for den enkelte, laget, foreininga, veneflokken, forsamlinga og misjonen.

Årsmøtet 2025 fann stad på Frekhaug bedehus 15. mars. Om lag 30 misjonsvenner møtte fram. Notatet «Tankar om framtida» danna utgangspunkt for samtalen. Vala både til styret og andre ombod gjekk greitt. Olav Rune Skutlaberg helsa frå regionen. Rektor Frode Bøthun kom med nytt frå Sygna. Etter orienteringar, val og forhandlingar hadde me ei god matøkt. På misjonsmøtet tala Jan Ingve Bernssen, og familien Brandsæter song for oss. Det blei ein god dag.

Det nye styret konstituerte seg slik: Lars Gaute Jøssang (leiar), Leif Birger Sortland (nestleiar), Hanne N. Soltveit (skrivar), Synnøve Sellevold (pr/annonsar), Stein Raunehaug (misjonsmøtekoordinator), Dagfinn Skare (1. vara) og Ole Blindheim (2. vara). Styret har ansvar for julemessa, årsmøtet og misjonsmøte. Til dette kjem fordeling av forkynnarar til enkeltmøte, halve (3-4 møte) og heile møteveker (5-6 møte).

I løpet av 2025 har desse forkynnarane vitja oss: Kristian Siljuholtet, Helge Magnus Vatnedalen, Jan Ingve Bernssen, Gro Bjørndal, Odd Eivind Stensland, Stein Raunehaug, Ingrid Øvreås, Øyvind Samnøy, Wenche Lunde, Kristine Indrebø Klausen, Jorunn Bergo Aarvik og Magnar Grødem. I dei store forsamlingane (Frekhaug, Knarvik og andre stader) går jamt mykje folk. I Knarvik har det også vore kveldsbibelskule.

Julemessa blei arrangert laurdag 8. november. Trekkspelgruppa *Harmonika* slo an tonen. Jostein Hauge og Tom Ove Lie deltok med song. Wenche Lunde, forkynnar og tidlegare Peru-misjonær, heldt andakt og appellar. Mange nytta seg av tilbodet i kafeen. Matvarer, strikkevarer, gamle spel mm gjekk også unna. Bergen Kristne Bokhandel selde bøker. Det økonomiske resultatet blei kr 360.000 (brutto).

Gåvene frå Nordhordland til Misjonssambandet sentralt har gått opp frå 1,4 (2024) til 1,6 mill. kr (2025). Det er ein auke på ca. 200.000 kr, eller 14 prosent.

Det er eit åndeleg arbeid me driv. Difor er me  avhengige av at Herren går med. Djupast sett er det berre Han som ved sitt ord og gode Ande kan vekka og nøra sant kristenliv mellom oss. Me må be for utsendingane, forkynnarane, lærarane, leiarane, administratorane våre, og ikkje minst for alle misjonsvennene rundt om i bygd og by. Og så må me be om at Herren kallar og utrustar nye medarbeidarar også i Nordhordland.

*Lars Gaute Jøssang, leiar*

# OS NLM

**Møteverksemda**
Det har vore følgjande besøk av forkynnarar på bedehusa i Os:
Neset bedehus: 29. januar Kristian Gangstø, 9. april Marit Andersen og Ann Kathrin Alnes, 7. mai Jan Ingve Bernssen, 10. september Anna Cecilie Rifsgård, 24. september Andreas Kristiansen og 3. desember eigen talar.
Søfteland bedehus: 9. november, fellesmøte for bedehusa i Os, tale v/Tarjei Engesæth, sang v/Kretsmannskoret, intervju av Maria og Eirik Vivelid med barna Serine og Mathias.
Betania bedehus: 26. januar Kristian Gangstø, 7.–9. mars Øyvind Samnøy, 18. mai Odd Eivind Stensland, 21. september Osvald Hindenes, 19. oktober Odd Eivind Stensland, 24.–26. oktober Øyvind Samnøy.

Me er takksame til Herren for gode samvær om Guds ord. Det har vore eit godt samarbeid med regionkontoret ved spørsmål om besøk og me er takksame for tildelinga som me fekk her i Os.

**Misjonærar i Japan og Etiopia**
Karoline, Aron Isaiah, Adina Sofia, Aleah og Marius **Bergersen** er inne i sitt tiande år, og har si teneste inn mot barne- og ungdomsarbeidet.
Maria og Eirik **Vivelid** og datter deira Serine kom heim til Norge i sommar i samband med famileauke. Dei har fått ein son som heiter Mathias, og heile familien reiste ut til ny teneste i januar 2026.

Vi takkar for at desse to familiane har følgt kallet frå Gud til teneste i Guds rike, og vi vil framleis omslutta familiane med forbøn for liv og teneste.

**Foreiningane** samlast regelmessig til møte gjennom året og er «grunnfjellet» i misjonsarbeidet. Aktive foreiningane er Kongstanken mannsforening og Kongshaugspiren kvinneforening. Osøren kvinneforening er lagt ned, mange takk for trufast teneste gjennom mange år.

*«En stille stund med Jesus, Å, hvor den jevner alt!» Sangboken 576, v.1*

*For Os NLM, Oddvar Torget*

# SOGN NLM

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus! (Rom 1, 7b, 1 Kor 1, 3, 2 Kor 1, 2, Gal 1, 3, Ef 1, 2, Filip 1, 2, 2 Tess 1, 2, Filem 1, 3). Nådehelsinga som Paulus nyttar i breva, varmar – og bind saman. Også over eit årsmøte høver

nådehelsinga; nåde og tilgjeving er grunnsteinar når fellesskap skal byggjast, då er òg grunnlaget for fred lagt. Fred i gudsrelasjonen har òg innverknad for korleis me møter kvarandre. Dermed legg me samtale, drøftingar og val inn under Guds nåde og fred.

**Møteverksemda**

Tema for inspirasjonssamlinga på Lyngmo sundag 12. januar var «Vitne – i opp- og nedtur» med Ketil Jensen, leiar av NLM Noreg, som talar. Ei god og inspirerande samling og godt oppmøte.

Vi fekk ikkje tildelt talarar til haustsemesteret, men Marit Andersen og Ann Kathrin Alnes hadde éi veke og Per Tveten hadde den etterfølgjande møteveka i Gaupne i veke 43 og 44 (slutten av oktober). Øyvind Samnøy besøkte foreiningane i Indre Sogn i desember.

Det er 11 misjonsforeiningar og 5 kontaktar for Misjonssambandet i området vårt. Når det elles gjeld arbeidet mellom born og unge, har vi yngreslag på Nes, på Indre Hafslo har vi barnelag og i Balestrand har vi barnelaga «Addis» og «Spiren» og på bedehuset «Betel» er det ungdomskveldar to gonger i semesteret. I Gaupne er det ungdomsklubb - Kristen Ung Luster (KUL) – annankvar fredag og Luster Familiemøte inviterer til samlingar annankvar sundag.

Siste året var foreiningsinntektene på kr 530.844. Samla inntekter (møteveke, møte og gåver) frå Sogn var kr 1.279.787. Det er ein auke på 6,1 % frå i fjor. Samla gåver totalt (fast givarteneste, Utsyn blankett, regionblankett o.a.) sendt til misjonen frå NLM-Sogn i 2025 var kr 1.201.613,-

Sidan sist årsmøte har styret fått melding om at Åse Bondevik har fått heimlov. Vi lyser fred over hennar minne.

Årsmøtet 2025 vart halde på Sygna 1. mars. Etter opprop var det 35 godkjende utsendingar frå lag og foreiningar til forhandlingane. Årsmelding 2024 og rekneskapen for 2024 vart godkjend utan merknader. Dei som vart valde inn i styret for 2 år var Andreas Samnøy, attval, Helge Eilifsen, ny, og Karsten Tollheim, ny.

NLM-Sogn betalar 25 % av barne- og ungdomsarbeidarstillingane på Lyngmo.
I tillegg løner Misjonssambandet vest Debbi Eikum i 30 % stilling som barnearbeidar.

Styret har i meldingsåret forutan årsmøtet, vore samla til fire fysiske styremøte på Lyngmo og eit Teamstyremøte på nett, og har handsama 37 bokførde saker. Styret har planlagt inspirasjonssamlinga som var i januar 2025 og årsmøtet i mars og har

samtalt om utfordringa som årsmøtet 2025 gav styret om korleis ta vare på arbeidet vårt i Sogn. Områdearbeidaren har møte- og talerett i styremøta. Styret har sidan siste årsmøte vore samansett av Helge Eilifsen (leiar), Karsten Tollheim (nestleiar), Maria Brennsæter, Andreas Samnøy og Erik Skjerdal.

*For styret i Sogn Misjonssamband, Helge Eilifsen*

---

# Årsmeldingar frå
# MISJONSFORSAMLINGANE

## ASKØY MISJONSFORSAMLING

Vi hadde en god virksomhet i 2025 med formidling av Guds Ord, misjon, diakoni og givertjeneste.

**Søndagsgudstjenester og bønnemøter**
Vi har hatt gudstjeneste hver søndag gjennom hele året og høytidsgudstjeneste 1. påskedag, 1. juledag og 1. nyttårsdag. Foran de faste søndagsgudstjenestene har vi hatt bønnemøte kl. 1030, og hele året har vi også hatt torsdagsbønnemøter kl. 1900.

**Lag, foreninger og kontakter**
Kleppe bedehus er et tjenlig og godt bygg. Utleie, husleie fra misjonsforsamlingen og gjenbruksbutikken gir sammen med bedehusbasarer nødvendige inntekter for å betjene lån og kommunale utgifter.

Gjenbruken Askøy får fortsatt mye positiv tilbakemelding fra kunder, og stadig flere oppdager butikken, ikke minst pga de flotte bildene som ukentlig legges ut på Facebook. Gjenbruksbutikken bidrar til økt kontaktflate for Misjonssambandet og Kleppe bedehus både på Askøy og i omegnskommunene. Mange frivillige medarbeiderne gjør en flott innsats!

**Preg barnehage**
Misjonssambandet driver Preg barnehage på Steinrusten, det gir gode muligheter både i forhold til barna, foreldrene og de ansatte.

**Møteaktivitet på bedehusene**
Våren 2025 arrangerte vi to møter på Follese bedehus og to møter på Breivik bedehus. Om høsten arrangerte vi to møter i Follese bedehus og ett i Hetlevik bedehus.

**Andre arrangementer**
Formiddagstreff ble arrangert to ganger i vårsemesteret og tre ganger på høsten. Det har vært gode og innholdsrike treff med forskjellige foredragsholdere som alle har hatt interessante innlegg. Deltakerantallet er ganske stabilt, mellom 20-30 personer.

Bedehusbasarene i mars og september samlet hver 80-100 mennesker med et resultat på kr 164.228 til Kleppe bedehus.

Misjonsmessen ble holdt på Kleppe bedehus lørdag 8. november for et stappfullt hus med møter, varesalg, ulike lotterier og kafeteria. Brutto resultat ble kr. 210.401.

Misjon og mosjon ble arrangert Kristi Himmelfartsdag i Kollevågen. St. Hans feiring, også i Kollevåg, var også i år vellykket med stor deltagelse.

**Økonomi**
Midler fra Askøy Misjonsforsamling overført til Misjonssambandet sentralt økte til kr 980.127 (2024: kr. 957115) Styret for Askøy Misjonsforsamling har hatt denne sammensetningen: Leder Erik Waaler, nestleder Ingunn Nøttveit, sekretær Torbjørn Ek, styremedlem Arve Gustavsen, styremedlem Marit Belt.

Takk til alle som er med i arbeidet på ulike måter og tjener med den nåde som er oss gitt i Kristus!

*Erik Waaler, styreleder*

# HEIMLY FORSAMLING

*Og Han sa til dem: «Gå ut i hele verden og forkynn evangeliet for alt som Gud har skapt»* Markus 16,15

*Det er dette som er oppdraget vårt, å forkynne evangeliet for alt som Gud har skapt. Dette året har vi kjent på at vi har fått forkynne evangeliet gjennom arbeidet på Heimly. Gjennom de ulike møtene mellom mennesker der Ordet blir delt, tror vi at Gud gjør sin gjerning i vårt nærområde. Dette er en stor tjeneste å få være med på, og vi kjenner på takknemlighet og ydmykhet i arbeidet. Vi ser tilbake på et år med*

*mye aktivitet på huset, og vi tror Gud vil velsigne det som er sådd – og det som skal såes fremover. Han som har gitt oss løftet om å være med oss alle dager helt til jordens ender, går sammen med oss i alt. Dermed kan vi trygt si at vi aldri er alene.*

**Arbeidet**
Vårsemesteret startet allerede 19. januar med storsamling der vi fikk besøk av Karina Andersen. I februar hadde vi ny storsamling med etterfølgende årsmøte, noe vi synes har fungert bra. Vi hadde en serie bibeltimer med Asle Hetlebakke i mars og april.

Ivar Espelid tok med seg barneklubben Holy Pony fra Sunnfjordheimen til Heimly da de flyttet fra Morvik til Hitland. Han kom med engasjement, deltok på dugnad og drev klubben her første halvår. Det ble gjennomført noen samtaler med Misjons-sambandet vest om mulighet for en lønnet stilling som områdepastor der vi var delaktige. Det resulterte ikke i en stilling, men dialogen rundt dette har bidratt til at vi har fått nye medlemmer fra Åsane i forsamlingen, og som er knyttet til Salem, men også vil være med oss her på Heimly. Ivar avsluttet engasjementet i juni når de bestemte seg for å flytte til Øygarden etter nyttår.

Ved oppstart av høstsemesteret prøvde vi oss med familiedag med hoppeslott, sukkerspinn og aktiviteter. Det ble en suksess for de som kom, men vi skulle gjerne sett at noen flere hadde tatt turen innom i finværet. Magnus Mjelstad tok senhøstes initiativ til, og fikk gjennomført, «vi synger julen inn» i desember med mye allsang, og kor og band bestående av barn og voksne som kastet seg ut i dette på kort varsel. Det ble en flott ettermiddag.

Vi har i løpet av året hatt mange besøk av talere fra Nordhordland Indremisjon. Kvinner i bønn har jevnlig samlet seg trofast på Heimly. Takk til alle dere som trofast møtes i bønn. «Spise sammen» som Salhus menighet har på Heimly en torsdag i måneden, har vært gjennomført jevnlig gjennom året, og Heimly fortsetter å leie ut lokalene våre rimelig til dette.

Selv om vi har plass til flere, er vi heldige som har engasjerte ledere på Heimly som år etter år stiller opp på faste aktiviteter for flere forskjellige aldersgrupper, blant annet Sentrum og formiddagstreffet. Dette er sammen med barnehagen en stor del av virksomheten vår, og den som gjerne er blant den mest utadrettede delen av arbeidet vårt.

**Sentrum kor/klubb** er med de fra 1. kl. og oppover. I tillegg til kor står aktiviteter, andakt og måltid på programmet. Vi fikk julen 2024 beskjed om at dirigenten sluttet. Det ble gjort mye for å finne ny, uten å lykkes. Klubbdelen ble da videreført fram til sommeren, da også den ble avsluttet.

**Tirsdagsklubben**. At aldersgruppen som Sentrum, og en kort periode Holy Pony, har

vært for, mistet tilbudet, gjorde at tirsdagsklubben i september startet opp med et tilbud som ligner på klubbkveldene til Sentrum, men med en litt yngre aldersgruppe og noe friere organisering. Vi fikk med oss student Sarah Monstad, som får litt betalt for dette, og har ansvaret for andakt og aktiviteter, mens vi andre voksne tar oss av noen generelle lederoppgaver og kjøper inn kveldsmat.

**HUB** ungdomsklubb har hatt 15 samlinger. Vi inviterer til bordtennis, biljard, airhockey, brettspill og sosialt. Det er i tillegg kiosk med salg av brus og snop, noe gratis å spise, og vi samles til en andakt og gjerne en kahoot midtveis. Det er 7. og 8. klasse som deltar, og mellom 10 og 30 gutter og jenter som møter opp disse fredagene

**Formiddagstreffet** i Heimly bedehus hadde sine 8 samlinger i 2025 med god oppslutning. Vi opplever et godt fellesskap der vi får møte kvinner og menn med ulike yrkes- og interessebakgrunner, som kåserer om levd liv og sterke opplevinger, sang og musikk, god mat og prat og Guds ord.

**Årsmøtet** ble holdt søndag 16. februar etter storsamlingen. I tillegg til samtale omkring bedehuset og barnehagens virksomhet og økonomi, ble det tatt opp behovet for videre utvendig vedlikehold på huset. Det ble besluttet å skifte ut alle resterende vinduer på bedehuset i henhold til tilbud fra tømrer Kjell Bognøy. Det var også tydelig at det var behov for å vaske og male bygget utvendig.

**Styret** forble likt som året før: Arnt Helge Espelund (leder), Linda-Karin Hussey Folkestad (nestleder) og Marie Dahle (sekretær). Kasserer er valgt utenfor styret, og innehas av forsamlingsmedlem Xiaoli Liang. Styret har behandlet 28 saker på 5 styremøter i 2025. Vestlandsrevisjon fører regnskapet, mens Morten Solheim Myhre har sagt ja til oppgaven med revisjon av regnskapet.

Forsamlingen har dette året hatt 21 voksne og 11 barn som medlemmer. Vi har fått noen utmeldinger, men også nye medlemmer i 2026.

Styret vil rette en stor takk til alle som er med i tjenesten i Heimly forsamling! Hver og en er en viktig del av misjonsarbeidet i Mjølkeråen. Vi er også veldig takknemlige for barnehagen vår, som de siste årene har stått i en utfordrende situasjon økonomisk. Vi ber om fremgang i arbeidet og styrke i fellesskapet vi har på Heimly, og om at vi også er flinke å dele gleder og oppmuntringer med hverandre.

*Arnt Helge Espelund, Marie Dahle, Linda-Karin Hussey Folkestad*

# KNARVIK MISJONSHUS

**Eit godt år**
Knarvik Misjonshus har i fleire år hatt vekst i medlemstal og aktivitet. Medlemstal pr 31.12.25 var 98 vaksne medlemar. Vegard Hetlebakke er tilsett 40 % som menighets-utvikler, og Cecilie Skår Holmgren 20 % som barne- og ungdomsarbeidar. Alversund indremisjon vedtok i haust at laget vil gå inn i Knarvik Misjonshus. Sentralt i arbeidet står gudsteneste og søndagsskule kvar søndag. Oppslutninga har vore god også i 2025, og det er mange som har sett ord på det fine ved å vere del av fellesskapet. «Vi ønsker å være en nyskapende forsamling for alle generasjoner, hvor forkynnelse og fellesskap er grunnfestet i Guds ord.» Dette sitatet frå strategidokumentet har vore ledetråd også for 2025.

**Verksemd**
Det har vore **gudsteneste** nesten kvar søndag med unntak av sommaren. Frammøtet er stort sett i området 60-100 personar og av og til meir. **Søndagsskulen** under gudstenestene har hatt frammøte på 20-30 born. **«Bibel, brettspel og gaming»** på fredagskveldane er populært blant dei unge. **Føremiddagstreff** med seniorar som målgruppe er arrangert om lag kvar månad på tysdagar. **Onsdagskveld** er det samtale- og bønesamling, og av og til møte med forkynnarar. Det vart arrangert **menighetsweekend** 17.-19. oktober på Raknestunet med 77 deltakarar, derav mange born. Det vart ei flott helg! I haust har vi arbeidd meir systematisk med **smågruppene**, og mange fleire har meldt seg på desse gruppene i haust. Elles har det nye tiltaket **bursdagsbasar** vakt stor begeistring og gitt gode inntekter!

**Drift av huset**
Etter mange år med god dugnad, er huset no i tenleg stand. Den nye scena med lyssetting kom på plass 2. januar. Det har blitt både svært fint og praktisk! Lyd-anlegget er oppdatert, og Alver kommune løyvde 15.000 kr av kulturmidlar til dette.

**Økonomi**
Årsrekneskapen for 2025 viser eit resultat på kr 585.538. I tillegg til ordinært overskot på kr 85.528, fekk laget i desember ei gåve på kr 500.000 frå Alversund Indremisjon etter salet av Fosse bedehus. Denne er øyremerka arbeidet med bygg, og då gjerne nytt bygg om det vert realisert. Forsamlinga gav kr 676.822. Laget har stabil økonomi.

**Styret**
Styret hadde følgjande samansetting: Svenning Bjørke (leiar), Joakim Byrknes (nestleiar), Karoline Brandsæter (sekretær), Marianne Romarheim, Olav Andre Soltveit, Frøydis Andvik (1. vara), Leiv Nesheim (2. vara)

**Takk**
Styret takkar medlemane for samarbeidet og for innsatsen i 2025. Knarvik Misjonshus er eit stort dugnadsfellesskap der vi deler våre ulike gåver med kvarandre. Ei særleg takk til Alversund Indremisjon for den store gåva i 2025. Vi ser fram til fellesskapet! Vi vil gjerne bety noko for både kvarandre, for lokalsamfunnet og globalt. Då er det godt å få tru og erfare at vi er del av noko som er større enn oss sjølve. «For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud føreåt har lagt ferdige, så vi skulle ferdast i dei.» Ef.2.10

# LOGOSKIRKEN

Takk for året som har gått i Logoskirken. 2025 har vært et rikt og innholdsrikt år, preget av fellesskap, aktiviteter, bønnesvar og Guds velsignelse. Vi er takknemlige for hver enkelt som bidrar, og for et menighetsliv der alle kan delta etter lyst og evne. Vår felles visjon er *Sammen hjem*, med verdiene: Elske Gud, elske mennesker og tjene naboen.

Menigheten har hatt vekst i medlemsmassen, fra 158 til 163 medlemmer, og flere barn har blitt døpt. Det ble avholdt både medlemsmøte og årsmøte, der nytt styre ble valgt. Styret har hatt regelmessige møter og godt samarbeid gjennom året.

Arve Walde har vært ansatt som pastor i 100 % stilling og hatt et bredt ansvar innen forkynnelse, ledelse og sjelesorg. Tora Haarr Skeie har vært ansatt i 20 % stilling med hovedansvar for Awana, barnearbeid og formiddagstreff. Styret er svært takknemlig for innsatsen begge legger ned. Vi vil også rette en stor takk til Edgeir Gunvordal for arbeidet med søknader til fond og legater.

Gudstjenester har blitt holdt nesten hver søndag og er vårt viktigste samlingspunkt. Mange frivillige bidrar trofast, og kirkekaffen i peisestuen har vært et verdifullt sosialt samlingssted. Noen tiltak er gjort for bedre lydforhold.

I løpet av året har det vært arrangert mange ulike aktiviteter og samlinger. Blant annet ble Barnas dag 1. mai en stor suksess med rundt 250 besøkende. Menighetsweekend i Sætervika ga både store og små god åndelig føde og fellesskap på tvers av generasjoner. I høst arrangerte vi Alpha-kurs, der noen tok imot Jesus og har funnet veien videre inn i smågrupper. Halleluja! Julemessen og julegudstjenesten var også godt besøkt, og vi har i tillegg deltatt i fellesgudstjeneste sammen med naboene våre i Kristkirken og Godt Håp.

Alt i alt ser vi med stor takknemlighet tilbake på året som har gått, for alt Gud har gjort og fortsatt gjør i Logoskirken, og vi går videre med forventning til det Han har for oss videre.

# LUSTER FAMILIEMØTE

**Generelt**
Me har arrangert 19 ordinære familiemøter dette året og ein sommaravslutning. Familiemøta har vore arrangert søndagar kl. 11 eller kl. 16. Me har ikkje hatt faste talarar på møta. Den me har brukt mest i meldingsåret, er Trond Kråvik.

Hausten starta som vanleg i samarbeid med kyrkja med Flatningane-gudsteneste. Fyrste ordinære familiemøte var 24. august med Trond Kråvik som talar.

I slutten av oktober samarbeida me med Sogn Misjonssamband om to møteveker der Marit Andersen og Ann Kathrin Alnes var fyrste veka og Per Tveten andre veka. I tillegg var me delaktige og oppmoda forsamlinga om å møta opp på 60-årsjubileet til Lyngmo 19. oktober.

Dette året har me og arrangert nattverd på ca. 2-3 møte i semesteret. Det vart servert påskefrukost før palmesøndagsmøtet vårt. Dette var kjekt. Ca 50 møtte opp til frukost, på sjølve møte var det oppi 90 personar. Det var nattverd og litt kaffi igjen etterpå.

Det vart ikkje sommaravslutning som oppsett 2. pinsedag. Emely N. Amdal, vår utsending i Mongolia, var heime på sommarferie og ynskte å treffa oss siste veka i juni. Me arrangerte då ein sommaravslutning/ettermiddagssamling onsdag 25. juni der me åt saman og Emely fekk dele både vitnesbyrd og info frå livet i Mongolia.

I vårsemesteret hadde me oppmøte på 55,9 (61,5) personar i snitt på møta. I haust-semesteret var snittet på 52,9 (50,1) personar.

Søndagsskulen, LUFAS, har i år vore organisert av Debbie Eikum med støttespelarar. Haustsemesteret var det dessverre lite søndagsskule for dei eldste, då me mangla leiar her.

I tillegg til familiemøte, vart det arrangert ungdomskveldar for dei i 8. kl. og oppover. Ungdomskveldane er annakvar fredag. Det har møtt ein flott gjeng med ungdommar, i vårsemesteret har det i snitt vore 21,7 (21,0) deltakarar og i haustsemesteret har snittet lege på 22,8 (20,0) ungdommar.

Smågrupper/bibelgrupper: Det vert arrangert jentegruppe/bibelgruppe for jenter i alderen 13-15 år. I haust vart det og starta opp ei gruppe for jenter 11-12 år som samlast annakvar veke.

**Årsmøtet** vart halde 10. februar på Gaupne bedehus. Oppmøte 25 stk. Me hadde

besøk av Christian Løkhammer, fellesskapskonsulent region vest. Han hadde ein flott inspirasjonsandakt for oss, for inspirasjon til videre arbeid. Me vart delt i grupper og kom fram med idear og ynskje for familiemøte vidare.

Gunnar Sie, Wenche S. Eikum og Marit Sofie Hurthi var på val. Alle tok attval.
Berit Skjerdal, Kjell Olav Bondevik og Torbjørn R. Haugland vart valde for to år i 2024. Erik Skjerdal vart attvald som revisor for to nye år. Arne Bondevik blei attvald for to nye år i valnemnda. Audun Moen kom inn i valnemnda i fjor og står då videre.

**Leiarskapet** har hatt åtte møte og har handsama 24 saker. Leiarskapet har vore samansett slik: Kjell Olav Bondevik (leiar), Berit Skjerdal (nestleiar), Marit Sofie Hurthi (sekretær), Gunnar Sie, Torbjørn R. Haugland og Wenche Schanke Eikum.

**Kollekten** vert delt mellom Familiemøte 50 % og Misjonssambandet 50 %.
Kollekten i 2025 er på kr 95.278,- (93.879,-)

Fast givarteneste på kr: 247.433,- går direkte til nedbetaling av lån til nybygget.

*Marit Sofie Hurthi, ref.*

# OSTERØY MISJONSFORSAMLING

Arbeidet og samarbeidet i laget fungerer godt.

**Gudstjenestene**
Vi har våren-25 hatt 12 gudstjenester. I tillegg hadde vi to bibeltimer 4.1. med Bjørn Lauritzen. Torbjørn Øygard deklamerte Romerbrevet på gudstjenesten 16.3. og det var da 31 personer til stede.

Høsten-25 hadde vi 8 gudstjenester. I tillegg hadde vi Bo-hjemme-weekend 29. og 30. august med Bjørn Lauritzen som talte over Daniels bok.

Vi har ikke vært så gode på å føre statistikk over antall til stede, men det har lagt mellom 12-19 personer.

Gudstjeneste går fast hver 14. dag, noe som fungerer veldig godt. Vi har team som tar seg av ledelse, sanger, teknikk, PowerPoint, musikk og mat. Dette er etter hvert godt innarbeidet.

**Smågruppene**
Vi har 3 smågrupper hvor 11 av totalt 17 medlemmer er med. I vårsemesteret gikk vi

gjennom Bergprekenen. I høstsemesteret gikk vi gjennom 2. Timoteus. Smågruppene er en veldig viktig del av arbeidet.

**Medlemsmøte** ble avholdt 15.10.25.

**Økonomi og gaver til NLM og Nordhordland Indremisjon**
Bærebjelken er fast givertjeneste. Vi gikk med et overskudd på kr 13.148,18 som inkluderer en ekstra gave på kr 50.000 av overskudd i 2024 gitt i 2025. Overskuddet uten denne gave ville da vært kr 63.148,18 i 2025. Vi har betalt kr 55.200 for talere fra NLM og NHI + 14.800 i gaver til NLM og Nordhordland Indremisjon, totalt kr 70.000. I tillegg har vi altså gitt kr 50.000 i gave av overskudd fra 2024 med kr 25.000 til NLM og kr 25.000 til NHI. Totalt overført til NLM og NHI er kr 120.000.

**Styret** har etter årsmøte 2.4.25 bestått av Frank Zachariassen (leder), Tormod Johnsen (nestleder), Randi Holm Myking (sekretær), Jostein Reistad og Kjersti Midttun. Gro Bjørndal (1. vara) og Nina Myking (2. var)

Styret har hatt 6 møter og behandlet 35 saker i 2025. I styreåret fra 2.4.25–23.3.26 har styret hatt 6 møter og behandlet 36 saker.

Styret takker hver og en for all deltakelse og fellesskap gjennom året! Det er svært mange som ved sitt engasjement er med å bære arbeidet på det praktiske området, og det er en stor styrke!

# SALEM MISJONSKIRKE NLM BERGEN

**Lørdagsgudstjenester**
Student- og Unge Voksne-arbeidet utgjør en stor del av Salem. Det er både en velsignelse og en utfordring at det er så stor gjennomstrømming av studenter med forskjellig bakgrunn. Vi vet at de fleste er i Bergen kun i 3-5 år, vi har dem på lånt tid. Denne høsten har vært særlig spennende med tanke på hvem som har kommet inn i fellesskapet. Vi opplevde denne høsten en særlig stor tilvekst på lørdagen, i 2025 har vi hatt et gjennomsnitt på ca. 193 mennesker på gudstjenestene våre.

**Søndagsgudstjenester**
Vi ser tilbake på 2025 med glede og takknemlighet! I august ble Fredrik Ree ansatt som pastor – virkelig et stort bønnesvar! Kristin Sætre Odeh kom også delvis tilbake fra permisjon, og Silje Haughom og Lina Malde står sammen i rollen som menighets-utviklere for søndagsgudstjenesten.

I snitt har vi hatt 150 personer på søndagsgudstjenestene i 2025. Dette er en liten økning fra 2024, som hadde et gjennomsnitt på 143. Det har vært gudstjeneste hver søndag, med unntak av juli måned. Vi har sett en økning i antall personer som deltar i tjeneste på søndagene, fra et snitt på 87 i 2024 til 105 i 2025. Dette er veldig gledelig og bidrar til å styrke både gudstjenestene og fellesskapet.

Fellesgudstjenestene er alltid et høydepunkt, og høsten 2025 hadde vi rekordmange på fellesgudstjeneste med hele 338 stk. Et annet høydepunkt var Camp Salem i mai, der var både små og store samlet i Sætervika til fellesskap, åndelig påfyll og teambuilding.

**TenFest og konfirmanter**
Hver fredag gjennom året samles ungdommer til fellesskap, mat, andakt og aktivitet. I snitt samles 15 ungdommer. Vi ser ungdommer som har vokst i tro. Flere gir inntrykk av at de har et mer bevisst forhold til egen tro. Mange av ungdommene har fått prøve seg i å ha andakt og blitt tryggere i å formidle tro til andre. Foreldre har også snakket om hvordan de har sett ungdommen har vokst. Det gir oss lederne motivasjon å vite at vi kan være med på trosreisen til ungdommene våre i Salem. Årets kull på 13 konfirmanter møttes annenhver onsdag i Salem 18:00-19:30 og hadde undervisning. Etter undervisningene gikk vi videre til en lek og så avsluttet vi med smågrupper. Konfirmantene er også en del av det regionale Ung:Disippel.

**Smågrupper**
Smågruppene er en av to primær-områder for Salem. Vi ønsker smågrupper som tar til seg nye, som vokser, deler seg og starter nye grupper. Dette er bærebjelken i fellesskapet vårt. For å få til en inkluderende menighet, må vi starte med smågruppene. Drømmen vår er at vi som smågrupper kan ta ansvar for nye i menigheten. Vi har 308 personer fordelt på 46 smågrupper.

**Diakoni**
Som kirke har vi et diakonalt ansvar for vårt nærmiljø. Her er vi rikt velsignet med et stort engasjement gjennom Salem Nærmiljøsenter (SNS). Sammen med Preg Salem Åpen Barnehage gir Salem Nærmiljøsenter oss en stor kontaktflate inn mot befolkningen i nærmiljøet.

**Alpha**
Høsten 2023 fikk vi starte opp igjen med Alphakurs etter at dette har vært på is siden 2019. I 2025 har kurset gått vår og høst ledet av et fantastisk lederteam. På høstens kurs hadde vi rett over 20 personer innom gjennom kurset og en kjerne på 7 deltakere som fulgte gjennom hele kurset. Flere av deltakerne har fortsatt i menigheten og blir fulgt opp videre. Tilbakemeldingene etter kurset var positive og flere ga uttrykk for at de ønsket å gå enda dypere. Så langt vi kjenner til, har to personer tatt imot troen etter høstens kurs.

Takk og lov for at Jesus sa at Han skulle bygge sin kirke. Det er vi avhengige av. Han må bygge, og vi må se på Salem som hans kirke. Vi får være med på dette gjennom å forvalte de ressursene han har gitt oss på en best mulig måte.

# SAMNANGER MISJONSFORSAMLING

**Styret** bestod av Magne Hitland (leiar), Jørgen Fjell (nestleiar), Gabriele Zdanciute (skrivar), Geir Jarle Skutlaberg (kasserar), Ivar Berland, Svein Hitland (1. vara) og Hildegunn Hoseth Næss (2. vara). Styret har hatt 10 møte og handsama 71 saker.

**Hyrderådet** bestod av Ivar Berland og Joel Dyrhovden.

**Forsamlinga** er innmeldt i Misjonssambandet og Indremisjonssamskipnaden, og driv verksemd på Tysse og Nesodden bedehus utan tilsette. Medlemstalet er 53, 39 vaksne og 14 born med assosiert medlemskap. I tillegg har følgjande lokallag assosiert medlemskap: Vårsol, Sennepsfrøet, Sanasol, Formiddagstreffet, Ten-Cafe, Søndagsskulen og Barnekoret/KingSing.

**Økonomien**
Inntekta i 2025 var kr 561.130,19 (2024 kr 546.722,61) med eit årsresultat på kr. 3.144,31 (2024 kr 294,66). I kasse/bank var det pr 31.12 ein saldo på kr. 235.526,29 (2024 kr 232.382,98).

**Verksemda**
Møta og føremiddagstreffa har me på Tysse bedehus. Nesodden bedehus vert nytta til bønemøte, søndagsskule, Ten-Cafe, laurdagsgraut m.m. Mykje av arbeidet i forsamlinga er utadretta og truleg er det ein god del innom samlingane våre som er søkjande eller ikkjetruande.

Hovudsamlinga er føremiddagsmøte omtrent kvar søndag, med nattverd ein gong i månaden. Talet på deltakarar på søndagsmøta har vore ikring 40 personar i 2025. Også dette året har me hatt omsetjing av tale til russisk grunna bra oppmøte av flyktningar frå Ukraina. Me ber difor talarar om å levera talemanuskript på førehand; noko som er krevjande for enkelte talarar, men me opplever at det betyr mykje for formidlinga av Guds Ord. Andrius Zdancius tek seg av omsetjinga.

I 2025 har me hatt to møteveker og to møtehelger med talarar frå IMF eller NLM, samt enkelte møte på vekedagane, bibeltimar og nokre festar. Me

opplever at det er frimod i fellesskapet vårt når me gjer «ordet fritt» på samlingane våre.

Haustens forsamlingsweekend til Raknestunet  hadde 63 påmelde; derav 22 flyktningar frå Ukraina og 3 frå Eritrea.

Nytt i 2025 var at me på hausten starta opp Alpha-kurs i samarbeid med kyrkja. Dette varer til godt ut i 2026.

**Lagsarbeidet**
Misjonsforeiningane og Føremiddagstreffet har hatt regelmessige samlingar, medan bibelgruppene ikkje har hatt samlingar i 2025.

Søndagsskulen har hatt 32 innskrivne born, og i snitt 9 born på 14 samlingar
Ten-Café har hatt 18 samlingar, med mellom 10 og 20 deltakarar i snitt.
Barnekoret/KingSing har lege nede sidan hausten 2024 grunna leiarmangel, noko som er sårt, og eit viktig bøneemne.

**Takk og helsing**
Me driv eit stort forsamlingsarbeid utan fast tilsette, og er avhengige av ein store dugnadsinnsats frå frivillige. Laga våre har få leiarar, noko som gjer arbeidet sårbart.

Styret vil retta ei stor takk til alle som trufast tek del med gåver, forbøn og gjerning. Ein ekstra takk til deg som jobbar i det stille og kanskje ikkje vert sett. Takk òg for besøka me får av misjonærar og forkynnarar. Me er avhengige av at organisasjonane sender forkynnarar og lagsarbeidarar, og at ein kan få tak i fritidsforkynnarar.

Styret vil oppmoda om fortsatt forbøn for arbeidet vårt, leiarsituasjonen i barnelaga våre og at barnekorarbeidet kan koma i gang att.

*Styret for Samnanger Misjonsforsamling*

# LOGOSKYKJA i Førde

**Møte og samlingar:**
22 søndags-/familiesamlingar har gått av staben i lokala på Øyrane 12.

**Spesielle arrangement:** Skjærtorsdags- og Langfredagsmøte, Konfirmasjons-gudsteneste på Sande kyrkjelydshus, Lovsongskveld, Medarrangør på Jesushelg med Daniel Sæbjørnsen, Kurskveld for tenestegrupper i Skaparhuset, Våravslutning,

adventsmøte og julegudsteneste saman med Norfellesskapet, Familieleir på Skilbrei ungdomssenter, Nyttårsfest på Skilbrei ungdomssenter, 2 barn er døypt i forsamlinga dette året.

**Om arbeidet**
Møtedeltakinga på søndagsmøta er god og svakt aukande. Forsamlinga har ei god blanding av møtedeltakarar frå alle generasjonar. Vi har to grupper på søndagsskulen der særleg den yngste gruppa har mange deltakarar.

Forsamlingsarbeidar Ingrid Friborg Hoffmann har hatt morspermisjon, noko som har resultert i at vi ikkje har klart å halde i gang arbeidet med ungdomsklubben «Glimt». Småbarnstreff har halde fram med samlingar kvar torsdag, det meste av året.

**Tilsetteressursar**
Ingrid Friborg Hoffmann har hatt 60 % stilling som forsamlingsarbeidar. Ho har hatt morspermisjon heile 2025. Områdearbeidar Trond Kråvik har hatt ansvar for konfirmasjonsarbeidet vårt. Han har i tillegg vore talar på seks søndagsmøte og delteke på nokre av styremøta. Andre forkynnarar frå Region Vest har talt på seks søndagsmøte.

**Lokale:** 2025 var første heile året i lokala i «Skaparhuset» på Øyrane 12 i Førde. Lokalet er nytt og moderne og er veldig tenleg for arbeidet, sjølv om det er krevjande med rigg og rydding i samband med møta. Vi har ikkje eigne lokale til søndagsskulen, men det fungerer bra med samling i fellesarealet utanfor møtesalen.

**Samarbeid** med Norfellesskapet/Norkyrkja om koordinering av møtetider, felles arrangement og annonsering av kvarandre sine møte, fungerer godt. Samarbeidet er blitt tettare med fleire fellesarrangement.

Sunnfjord barnelag, som er eit samarbeid mellom Norfellesskapet/Norkyrkja og oss, gjer ein god innsats for å arrangere søndagsskule/Awana i begge forsamlingane. Samarbeidet med IMF Bygstad om konfirmantarbeidet fungerer godt. I 2024/25 har seks konfirmantar følgt opplegget. I 2025/26 har vi 10 konfirmantar.

**Strategi og utvikling:** Fokus på familiearbeid og relasjonar.

Guds velsigning og takk til alle som har bidrege i forsamlinga i 2025!

*Helsing styret: Asmund Friborg (leiar), Anne Margrethe Skjold Olsen, Liliia Romaniuta, Kristian Ålen*

# TREMORKIRKEN

2025 har vært et godt år for oss i kirken, samtidig som det innebar noe litt vemodig ved at vi sendte vår pastor Fredrik og med hans nydelige familie til Salem. Selv om vi savner dem i fellesskapet, så gleder vi oss over å være en kirke som villig sender folk når Gud kaller. Vi er takknemlig for at Christian sa ja til å bli vår nye pastor og gikk inn høsten 2025.

**Ungdomsarbeidet**
Veksten vi så i fjor har fortsatt i år, og vi har ved utgangen av 2025 87 ungdommer som er med i tjeneste og/eller husgruppe – og vi så et snitt på rett over 100 ungdommer på TremorNight hver eneste fredag. Hver fredag ser vi køer til forbønn – og vi ser en ungdomsgenerasjon som ønsker å leve for Jesus. Det har høsten 2025 blitt startet seks nye husgrupper for ungdommer som har vært en stor og viktig satsing. Vi har sett flere ungdommer gi sitt liv til Jesus i 2025 og en av dem har vi også fått være med og døpe. TremorNight er av ungdom og for ungdom – derfor spesielt gledelig å se alle de som har engasjert seg i ulike tjenester og finner fellesskap i det å bygge fellesskapet med oss.

På søndagene har det vært godt besøk med cirka 50–60 barn på barnekirken hver søndag og et snitt på rundt 120-150 mennesker på gudstjenesten. I dag er det 252 medlemmer i Tremorkirken.

